



Det vert pokal også for 2010! Dei som er på jobben i dag jublar i kassa. Dei er Bente Nilsen, Jannicke Myklebust, Inger Myklebust, Kjersti Nilsen Børve og Vigdis Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

SPAR Uskedalen held koken og standarden.

Butikken har også for 2010 plassert seg på sølvplassen i kundetilfredsheit - også denne gongen og som for 2009 etter SPAR Seimsfoss.

Undersøkjinga omfattar alle dei 300 SPAR-butikkene i landet og den er no gjennomført 5 gonger. Vår butikk har plassert seg 2 gonger som nummer 1, to gonger som nummer 2 og 1 gong som nummer 3! Men like oppsiktsvekkjande er det at to butikkar i Kvinnherad har teke dei to første plassane to år på rad.

- Også leiinga for SPAR-butikkene synest det er heilt spesielt, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no. Ho er som heile staben på 17 stolt og glad over resultatet som vil bli markert skikkeleg noko seinere.

Det var berre så vidt Uskedalen ikkje gjekk heilt til topps denne gongen - marginen til Seimsfoss var ikkje større enn 0,02 prosentpoeng!

Service er ein heilt vesentleg faktor i dei tilsaman 20 kriteriane som undersøkjinga omfattar.

-Det er hovudfana vår, seier Bente, som opplyser at resultatet denne gongen vart offentleg som ein lekkasje gjennom Facebook.

Det er kundane sin eigen dom som no føreligg.

16.000 kundar over heile landet fekk skjemaet med spørsmål. 214 av dei er kundar i SPAR Uskedalen og 40 prosent av dei svara.

Det er ein svært høg svarprosent, faktisk 7 prosent høgare enn på landsbasis.

Men SPAR-staben vil sikkert ikkje kvile på laurbæra, men ta for seg kva kundane trass i alt ikkje var heilt fornøgde med og satsa på forbetring.

Så kanskje det blir gull att for 2011?

Av Ola Matti Mathisen